



DEN NORSKE KYRKJA

Sykkylven sokneråd

Referat frå møte i Sykkylven sokneråd 29.10.24

Tid :29.10.24 kl 18.30- 21.00

Stad: Kyrkjesal 1 i Sykkylven kyrkje

Mat : Eli Cesilie Myrene

Åpning: Arne Bakkedal

Forfall: Kari Myklebust. **Møtande vara**: Roy Petterson.

Sak 27/24 Godkjenning av innkalling og sakliste

Godkjent med desse merknadane:

- Misjonsavtalane vart ettersendt fordi ein ikkje fekk tak i dei før.
- Frå no sender leiar SMS til vara, når vara vert innkalla (i tillegg til mail).
- Alle vara får tilsendt papira samstundes med dei faste, og ein ber om at varaene les over sakspapira i tilfelle ein vert innkalla på kort varsel. Viktig at alle set seg inn i sakspapira før møta.

Sak 28/24 Godkjenning av referat frå møtet 22.05.24

Vedtak : Einstemmig vedteke.

Sak 29/24 Dato møteplan / Arrangement

1) Datoplan lagt:

- Søndag 3/11 er Allehelgensdag. Oppmodar dei i soknerådet som kan, til å kome til gudsteneste og vere tilgjengelege for sørgande då.
- Det vert fellesmøte med begge sokneråda og staben 26.11.24. **May Lisbeth** tek kontakt med leiar i Ikornnes **sokneråd Leif Kalvatn**, og kyrkjeverje **Arild Sporsheim** ang middag og tidsplan. Vi ønsker at varane vert invitert også.
- Søndag 1/12 er det seniordag. Oppmodar dei som kan i soknerådet, om å melde seg frivillige til å hjelpe. Ein tek då kontakt med Kristin diakon.

2) Kva ynskjer vi å vektlegge/fokusere på som sokneråd?

- Therese U. Aas foreslår å jobbe meir med interreligiøst dialogarbeid. Ønskeleg å få til felles møtepunkt for å bli kjent med kvarandre si tru og truspraksis. Kan ein til dømes ha felles familiebingo? Viktig med nøytrale møtestadar, i respekt for kvarandre sin religiøse praksis. Vi held tak i denne saka og diskuterer den vidare på neste soknerådsmøte.

- Jonas tok opp spørsmål om besøksgruppe eller anna teneste for den som er einsam i kyrkjelyden og/eller kommunen. Staben har ikkje ressursar sjølv til å drive ei slik gruppe, den må i så fall bestå av frivillige. Ei evt slik teneste må følge strenge etiske retningslinjer m.a. ift teieplikt, og få opplæring. **Arne** vil sjekke om vi kan bruke Sjømannskirka sitt opplæringsmateriell. **Jonas** vil, i samarbeid med **Kristin diakon**, sjå meir på det og legge fram denne saka på vårt neste soknerådsmøte. Dette kan òg drøftes på fellesmøtet med begge sokneråda + stab.

Sak 30/24 Forslag saker felles møte med Ikornnes sokneråd og stab 26.11.

- Orientering frå diakon **Kristin** og menighetspedagog **Kathrin**
- Kirka Vår – eit verktøy for ein samla plan **Arild** orienterear
- Vi legg ein tidsplan for å få nok tid til felles samtale etterpå. Arilds sak: ca 5 min. Kathrin og Kristin: Ca 10 min orientering, meir tid til samtale/spørsmål om deira arbeidsfelt i etterkant.
- Sak om evt besøksgruppe e.l. blir førebudd av **Jonas og Kristin**.
- **May Lisbeth** kontaktar Ikornnes for å fastsetje felles møteplan.

Sak 31/24 Fornyng av misjonsavtalar

Det er tid for å ta opp misjonsavtalane vi har.

- Therese U. Aas legg fram forslag om å fornye misjonsavtalen med Kirkens Bymisjon Møre (KBM). Beheld innsamlingsmål på 5000 kr i året. Evt overskytande av offer til KBM blir også gitt dei. Soknerådet ønskjer at avtalen forplikter KBM å kome til Sykkylven og informere om arbeidet, gjerne i samband med innsamling av offer, samt at dei er behjelpelege med informasjonsmateriell til oss.
- May Lisbeth legg fram forslag om fornyng av misjonsavtalen vår med NMS, som er med i SMM (Samarbeid misjon og menighet). Forslag om å skrifte område vi samlar inn til; Vi har hatt Thailand, ønsker no området Midt-Austen.
- *Einstemmig vedteke* å halde fram med misjonsavtalen med Kirkens bymisjon, og å halde fram med avtalen med NMS, no med innsamlingsmål Midt-Austen.
- Soknerådet ber **Arild** hjelpe å sette opp avtalen med Kirkens Bymisjon Møre, i samarbeid med kontaktperson **Therese**.
- **May Lisbeth** tek ansvar for utarbeiding av avtalen med NMS.

Sak 32/24 Offer

Offerformål 03.11.24 går i følge vedteken offerliste til kyrkjelydsarbeidet. Det er kome spørsmål frå Helge Standal, som skal ha gudstenesta 03.11., om offeret heller kan gå til prosjektet NSP-Aid. Det skal være offer til dette formålet dagen før på konserten i kyrkja, i samband med Helge sin 70 årsdag.

Vedtak: Soknerådet skjøner førespurnaden, og dette er eit godt formål. Men soknerådet vel å halde fast på vedtatt offerliste. Offeret denne dagen er altså til kyrkjelydsarbeidet.

Eventuelt:

Arne tek opp sak om mogleg investering i ny prosjektor. Soknerådet har tidlegare bede Fellesrådet sette opp dette som sak i sitt møte, og viser til referat frå soknerådsmøtet 03.09.24, med vedtak om dette, i sak 24/25. **Arne** tek saka vidare til Fellesrådet.

For Sykkylven sokneråd, 30/10/24

May Lisbeth H. Aurdal, leiar
Therese U. Aas, nestleiar